



Vegard Døssland er berre 16, men utan tvil eit trompet-talent.

Andaktshaldar Torstein Aartun nytta ordet pusterom under den tradisjonelle julekonserten i kyrkja sundag kveld og det vil også vi gjera: Konserten var - som han plar vera - eit velkome pusterom i førjulstida.

Han vart opplevd av rundt rekna 170 og deira dom var samrøystes: Ein fin konsert som fekk oss i den rette stemninga. Atter ein gong skal soknerådet, denne kvelden ved organisator Reidar Myklebust, ha takk for halvannen time med mange vakre tonar.



Toril Myklebust akkompagnert av Reidar Algerøy var eit nytt bekjentskap.

Stemninga vart faktisk skapt allerede før kyrkjeklokka ringde, av skulemusikken leia av Anders Christensen med dei første juletonane.

Og så trilla dei ut av instrumentene til dei unge som legg stadig nye alen til si musikalske vekst: "Det kimer nå til julefest", "Ave Maria", "Sally Gardens" og "Deilig er jorden". Utan å oppretta noko karakterbok vil vi setta ein strek under framføringa den irske folketona Sally Gardens der Birgitte Hjelmeland var solist på horn og Bjørn Naterstad på trombone.



Trekkspeklklubben hadde Bach på programmet.

Eit nytt og positivt musikalsk bekjentskap, men med røter i Uskedalen og foreldre med feriehus her, var lærar og songar Toril Myklebust frå Fana. Ho gav oss ein fin avdeling akkompagnert av organist Reidar Algerøy: To songar frå musikalen "Like til Betlehem", den svært vakre "Julekveld" av Draugdalen og folketona "Eit lite barn".

'Like til Betlehem' er ein julemusikal av Asbjørn Arntsen, som blir sett opp på Agder Teater nesten kvar jul. Frå den song Toril 'Maria syng til barnet sitt' og 'Det skjedde i de dager'.



Skulemusikken opna konserten.

Den andre solisten denne gongen var Vegard Døssland som nok ein gong prova at han er eit trompet-talent som kan nå langt hvis han held fram. Hans presentasjon av "O helga natt" og "Pie Jesus" gav i alle fall oss umiddelbare assosiasjonar til Ole Edvard Antonsen. 16-åringen fylte kyrkjerommet med vellyd! Trekkspelklubben var sjølv sagt med også denne gongen og med tre av dei mest kjende stykka som meisteren har komponert streka musikk under at trekkspel er veileigna også for Bach-tonar.

Røysterett for alle sette naturleg nok eit skikkeleg punktum for kvelden. Avdelingen til vårt høgt skatta kor vart innleia av dirigent Maria Malmsten sjølv med si vakre røyst og så kom seks songar i tur og orden.

Den mest krevande var vel "Voggevisen" av Falkeid, der Oddbjørg Bjørke var solist, men "Jul, jul, stålande jul" er vel den julesong koret kan best. Og kyrkjelyden og koret sette eit skikkeleg punktum saman med "Deilig er jorden".

Det er trass i alt den julesongen som gjer det djupaste inntrykket!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Røysterett for alle sette punktum